Spår ville tilstandar

Førebels må berre uthuset til Ove Ellingsen (i bakgrunnen) rivast. Politikarane dispenserte frå reguleringsplanen i fire hyttesaker. Thorbjørn Dahl (bakerst midt i biletet) vart bønhøyrd og fekk utsett saka som gjeld hans hytte.

Astrid Selsvold (Ap) trur tilstandane på Kvamskogen vert ville om den politiske praksisen er å tilgje dei som byggjer ulovleg. Likevel hagla dispensasjonane over Kvednaskogen tysdag.

SIGBJØRN LINGA

– Å dispensera er å senda eit svært dårleg signal. Eg forstår at ein tredjepart er råka, men me kan ikkje ta det omsynet, sa Selsvold i formannskapsmøtet.

– Me må setja foten ned. Det er på høg tid å statuera eit døme som seier at det ikkje skal vera like lett å få tilgjeving som løyve. Hyttene er flotte, men med dispensasjon vert det umogeleg å handtera slike saker seinare, sa Astrid Oma Seljestad (Sp).

Fleire av dei andre i formannskapet sa seg samde i prinsippet, men let likevel estetiske og menneskelege omsyn vega tyngre enn reguleringsplanen for hytteområde H7 på Kvednaskogen.

Dispenserte

Berre Selsvold, Seljestad og Nils Drage (Ap) ville tvinga ansvarleg søkjar, Arki-Tech AS, til å retta alle dei fem ulovleg oppførte hyttene slik at dei er i tråd med løyvet. Dei seks andre medlemene, frå Krf, V, H, Frp og Sp, røysta for å dispensera frå reguleringsplanen og lata hyttene stå.

Etter førespurnad frå eigar Torbjørn Dahl vart saka om den største hytta, på heile 185 kvadratmeter, utsett til neste møte. Dahl får høve til å føreslå avbøtande tiltak og tilpassing til terrenget før den politiske domen fell.

Det einaste politikarane krev rive er det 25 kvadratmeter store uthuset til Ove Ellingsen. Heradet har ikkje gjeve snurten av løyve til uthuset.

– Kom seint inn

Martin Vik (Sp) meiner det som har skjedd på Kvednaskogen, er uakseptabelt. Han forsvarer likevel dispensasjonane med at kjøparane "kom seint inn og kjøpte eit byggjeprosjekt med nøkkel i døra".

Dessutan har dei folkevalde dispensert for to andre hytter i området tidlegare, og fire av hyttene er godt tilpassa terrenget, framheva han.

– Det vert feil å gje dispensasjon etterpå for å få utbyggjaren inn på turt land, sa Lars R. Djupevåg (V), men røysta imot sine eigne ord med same argument som Vik.

Djupevåg seier til HF at han "ser at politikarane er på tynn is på Kvednaskogen", men trur ikkje sakene vil innebera at kven som helst vil få tilgjeving for ulovlege prosjekt seinare.

– Straff?

Fleire politikarar etterlyste straff i ei eller anna form til Arki-Tech AS. Plansjef Vidar Østerbø sa det er uråd å bøteleggja eller boikotta selskapet. Kvar enkelt byggjesak skal handsamast for seg.

Arki-Tech har ikkje sentral godkjenning, men har fått lokal godkjenning. Kvam herad kan, om tilliten vert broten, trekkja attende ansvarsretten. Problemet er at om selskapet misser retten, sit tomteeigarane att med ansvaret.

– Difor har me lagt vekt på å ikkje ta frå Arki-Tech ansvaret. Me må halda fast ved at ansvarleg søkjar oppfyller sitt ansvar, sa Østerbø. Han sa heradet rapporterer avvik oppdaga på tilsyn til Statens Byggtekniske Etat.

– Eg reknar med at administrasjonen har fokus på dette om same søkjar kjem med nye søknader, sa Martin Vik.

– I utakt

Karsten Valland (Sp) hevda Kvamskogen-planane er i utakt med trendar i hyttemarknaden.

Han gler seg til den nye kommunedelplanen – med opning for større hytter – er klar. I fyrste utkast var storleiken heva til 120 kvadratmeter, men det gjeld ikkje gamle reguleringsplanar.

Ifylgje Vidar Østerbø ligg planarbeidet på is grunna ressursmangel i administrasjonen, og det er uvisst når planen kan verta handsama. Oddvar Brakestad etterlyste ei orientering om kor saka ligg i neste møte, 25. april.

Hordaland Folkeblad 24. mars 2006

Utbyggjaren: -Nøgd med situasjonen

Geir Otto Soltvedt i Arki-Tech AS vil ikkje kommentera saka, men er godt nøgd med dispensasjonene.

SIGBJØRN LINGA

- Eg har fått forståinga av at formannskapet godkjente fire av hyttene, og held meg til det. Eg synest det vert feil å kom med kommentarer på dette tidspumktet, og vil avstå frå det, sa Soltvedt då HF fekk tak i han i går.
- Soltvedt seiar han har arbeidd hardt og mykje for å finna ei god løysing i hyttesakane dei siste månadene.
- *-Men kvifor har du bygd hytter som er for store og søkt om dispensasjon i ettertid?*
- -Det kan eg vanskeleg kommentera uten å gå inn i nye detaljar. Eg synest 90 kvadratmeter er for små hytter. Det er einaste svaret eg kan gje no. Eg vil ikkje hella meir bensin på bålet.
- N*aboane kjem med sterk kritikk av framgangsmåten din. Vil du ikkie svara på påstandane?*
- *Nei, eg veit jo ikkje kva kritikken går ut på.*
- *Eg har god tid. Du kan få høyra alle påstandane ellerfå dei skriftleg.*
- Nei, eg føler meg nøgd med situasjonen, så får me sjå kva løysingar me kan få til med den siste hytta i feltet.
- Alt anna vert feil.
- *Så du vil ikkje kom mentera noko?*
- Nei, eg trur eg vel det no. Kanskje kan eg koma tilbake med eit intervju seiare.
- Om kjøparane vil kaste drit om meg, er det deira sak. Eg vil ikkje ta diskusjonen gjennom avisa di, seier Soltvedt.
- Han avsluttar med å seie at målet hans har vore å skapa eit godt hyttefelt som fungerer, men at ”ein alltid kan diskutera enkelte detaljar”.
- Han meiner klagane frå kjøparane er eit utslag av at dei, tilliks med han, har hamna i ein frutrerande situasjon.